

---

**Fra:** Gunn Sissel Teigen <Gunn.Sissel.Teigen@fusa.kommune.no>  
**Sendt:** 18. februar 2016 20:06  
**Til:** Postmottak NFD  
**Kopi:** Lillestøl Ole-Jakob; postkasse  
**Emne:** Melding om vedtak - uttale til innretning på Havbruksfondet - Fusa kommunestyre har 18.02.2016 gjort følgjande samrøystes vedtak:

**Viktighet:** Høy

**Melding om vedtak - Fusa kommunestyre har 18.02.2016 gjort følgjande samrøystes vedtak:**

**«Uttale til innretning på Havbruksfondet.**

Fusa Kommune meiner det er svært positivt at det no kjem ei ordning der kommunar som stiller areal til disposisjon for oppdrettsnæringa vert kompensert for det.

Fusa kommune meiner at dei incentiv som er skissert i høyringsdokumentet er bra.

Fusa Kommune meiner at inntektene frå fondet skal fordelast på dei kommunane som har oppdrettsverksemd. I høyringsdokumentet er det lagt opp til at 20% av inntektene skal tilfalla staten. Resten 80% skal delast på kommunane og fylkeskommunane. Fusa Kommune ser ikkje at det er gode argument for å tildela fylkeskommunane pengar frå Havbruksfondet og meiner derfor at den kommunale delen på 80% skal tilfalla dei kommunane som stiller areal til disposisjon for næringa.

Det er Fusa Kommune sitt syn at det ikkje bør opprettast eigen administrasjon for fondet.

Det er Fusa Kommune sitt syn at fordelinga mellom kommunane bør skje etter lokalitets MTB.

Ein slik firdelingsnøkkel vil sikra dei kommunane med mest oppdrett og får den største delen av inntekta. Denne modellen vil og gje incentiv for å leggja tilrette for nye lokaliteter.

Det er Fusa Kommune sitt syn at det vert årlege utbetalingar frå fondet. «

Vi ber om stadfesting på motteken e-post.

Venleg helsing  
Gunn Sissel Teigen



Mobil: 40415558  
Telefon: 56580119  
Epost: [Gunn.Sissel.Teigen@fusa.kommune.no](mailto:Gunn.Sissel.Teigen@fusa.kommune.no)  
Web: [Fusa.kommune.no](http://Fusa.kommune.no)